

HYRDINGEN



NR. 5

Oktober 2017

ÅRGANG 59

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Speidrar på Blikshavnleir 2017.

Foto: Sigbjørn W. Mortveit

Presten har ordet	2
Feedback fornyar seg	2
Redaksjonspennen	3
Min song	3
Reformasjonsjubileum	3
Aktiv speidargruppe i Skjold	4

Mykje skjer på Kyrkjetunet	5
Konfirmantjubileum i Ølen	6
Glimt frå Brandøy	6
Nyebispens debuterer	7
Haustkonsert i Vats 21. oktober	8
Gullkonfirmantar i Vats	8

Frå kyrkjboka	8
Gudstenester	10
Møter og kungjeringar	11
Familiegudsteneste i Skjold	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tysdag kl. 9 – 11 og torsdag
kl. 14.00 – 15.30, elles etter avtale.

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645
jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:

Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Sokneprest Jon Ådnøy



Kjærleik, som mellom sysken

Eitt av dei vakrasteorda i det greske Nytestamentet er filadelfia. Det tyder kjærleik mellom sysken. Me kjenner Filadelfia som bynamn, eller namnet på pinseforsamlinger. Mange tykkjer det er finast på engelsk: Philadelphia. Kan henda fordi ein gresk F liknar ein norsk (latinsk) P. Fint kling det, i alle fall.

Er kjærleik mellom sysken ei krissten «oppfinning»? Tja. Sysken har vel alltid stilt opp for kvarandre. Ikkje å undrast over, når Mennesket er skapt i Guds bilet. Slik Gud ser det han har skapt – menneske medrekna – og slår fast at det er *svært godt* (1. Mosebok 1, 31), kan også menneske sjå med varme og medkjensle på sine sysken.

Men Bibelen fortel også om at forholdet mellom menneske med same far og mor ikkje alltid har vore godt. Det har iallfall litt å gjera med at dei er arvingar til det same. Dermed er dei konkurrentar. Til tider fiendar. Kain slår i hel Abel, bror sin (1. Mosebok 4, 1-16). Og Jakob lurer frekt til seg

førstefødselsretten frå broren Esau (1 Mos 27). Så om kjærleiken mellom sysken er skildra i Bibelen, så er det motsette minst like godt representert.

Men i Nytestamentet er *filadelfia* eit honnørord. «Hald syskenkjærleiken levande! Gløym ikkje å vera gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar til gjester utan å vita det. Kom i hug dei som sit i fengsel som om de sat i lenker saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp.» (Hebrearbrevet 13, 1-3)

Kan nokon elsa slik? Jo, Jesus viste akkurat det. Ikkje berre til sysken i konkret forstand, men også til menneske som stod lengre vekke. Då Jesus ikkje kom til Marta og Maria, medan broren Lasarus låg for døden, brukte dei *filadelfia* som argument: «Herre, han som du er så glad i, er sjuk.» (Joh ev 11, 3)

Kva ei syster og ein bror er, har Jesus vist. Sa han ikkje også noko om at «alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg» (Matt 25, 40)?

Feedback fornyar seg

Av Hanne Haraldseide Brekke

Ungdomane i Feedback-styret bestemte i haust at dei ville flytte Feedback-fellesskapet til nye lokaler. Kvar fredagskveld blir dei nå å finna i kjellaren på Austrheim bedehus i Skjold. Her har dei fått eit litt mindre lokale nærrare dei fleste av medlemmene. Huset i Ølen vert fortsatt tilgjengelig dersom det skulle bli ynskje eller behov for å flytta tilbake.

Ungdomane byrjar kvelden med ei kort felles opning før dei spelar spel, har aktivitetar og pratar. Det er vaksne til stades som hjelper til i kiosken som serverer varm mat.

I følgje ungdomane har dei fyrste kveldane på bedehuset vore trivelige. Dei har skifta gardiner og rigga seg til med sofagrupper og sett sitt eige preg på lokala. Stikk gjerne innom ein tur på ein fredag mellom klokka 19.00 og 23.00.



Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Kven er vi?

Kyrkjebladet Hyrdingen har ein tradisjon gjennom snart 60 år, medan distriktet ein har dekka har skift. Bak kyrkjebladet står dei seks sokneråda i Vindafjord, som representantar for åtte kyrkjelydar. Redaksjonen har likevel «levd sitt eige liv», utpeikt av sokna. I oktober blir representantar for sokneråda kalla saman til eit årsmøte der nye vedtekter og formalisering av eigarskap står på dagsordenen. Det er naudsynleg i dag i forhold til både økonomi og juridiske forhold å ha dette på plass.

Motsett av bjørnen

Om sommaren stilnar aktiviteten av i kyrkjer og bedehus. Aktive arbeidarar får litt ferie og kvile. Nå er haussten her og snart vinter. Då livnar dei til igjen, noko kunngjeringane i dette nummeret tydeleg viser. Barne- og ungdomsarbeidet, kor og foreningar, sokneråd og predikantar skaper liv, glede og gode tilbod i bygdene våre. Kyrkjetunet satsar med tilsett medarbeidarar. På Brandøy er leirar gjennom heile vekene, ungdomsklubb i Vikedal og vennekommune i Vikebygd, Feedback i Skjold, søndagskular, kor og speidarar inngår også i trusopplæringsarbeidet, medan andre samlar saman brukte klede i sekker som skal til Ukraina.

Dei sov ikkje om vinteren, slik Bjørnen gjer. Då er her liv, noko som også biskop Ivar Braut skal få sjå nå han vitjar Vats, Skjold og Vikebygd i november. Lukke til med arbeidet i alle bygdene.



MIN SONG

Av Anna Kvitno Dagsland

Eg, Anna Kvitno Dagsland, Skjold, er no pensjonist, tidlegare arbeidde eg som omsorgsarbeider på Vindafjordtunet. Songen min er henta frå "Sangboken", nr 533.

"Mitt liv vil jeg leve", er ein song eg er blitt glad i og som har betydd mykje for meg.

Vi kan leva korleis vi vil den enkelte av oss, men Jesu frelsesverk er for oss alle, og har vi fått tatt imot denne frelsa så vil livet endra seg og vi lever ikkje lenger for oss sjølv, men for han som døydde og oppstod for oss.

Kvardagane kan vera både lette og tunge, men har vi fått Jesus som vår følgesvein, så går han med oss



Anna Kvitno Dagsland

og leier oss gjennom det som møter oss.

Det var han som kalla lærersveinane og sa: "Følg meg", og det seier han til oss også i dag. Så kan vi vera trygge i følge med Jesus.

"Lever vi, så lever vi for Herren, og dør vi, så dør vi for Herren. Anten vi lever eller dør, høyrer vi Herren til". Rom.14,8.

Song:

Mitt liv vil jeg leve i samfunn med Jesus,
som en av de mange som er i hans skare.
Jeg hørte hans stemme. Den bød meg å følge:
Jeg følger deg Jesus, Jeg følger deg.

Og skulle jeg tvile og se meg tilbake.
Så ber jeg deg Herre å ta meg ved hånden.
Og varme mitt hjerte, til etter jeg sier:
Jeg følger deg Jesus, Jeg følger deg.

Hva livet enn byr meg, av glede og smerte.
Jeg lever det tryggest i samfunn med Jesus.
I lys og i mørke, i medgang og motgang:
Jeg følger deg Jesus, Jeg følger deg.



Reformasjonsjubileum i Nordfylket 29. oktober

Av Jon Ådnøy

Søndag 29. oktober kl. 18 kjem biskop Ivar Braut til Vår Frelsers kirke i Haugesund for å leia ei gudsteneste som markerer at det er 500 år sidan den lutherske reformasjonen. Det er tilsvarande gudsteneste i Stavanger domkyrkje på føremiddagen. Gudstenesta i Haugesund er for folk på

nordsida av Boknafjorden. Etter gudsstenesta er alle velkomne til kyrkjekaffi.

Kyrkjesoga seier at den tidlegare munken Martin Luther den 31. oktober 1517 slo opp 95 teser om kristne spørsmål på oppslagstavla (døra på Slottskyrkja) i universitetsbyen Wittenberg, for å få i gang ein diskusjon om kyrkja si lære og praksis.

Aktiv speidargruppe i Skjold



Troppstur i gapahuk. Longåsdalen våren 2017.

Tekst: Birte Barane

Foto: Sigbjørn W. Mortveit

Kvar torsdag er det mykje liv i kyrkjekjellaren og i området ute rundt kyrkja i Skjold. Då er det nemleg speidarkveld.

Speidargruppa i Skjold er stor og aktiv. Me er så heldige å ha eit KFUK-KFUM- speidarforbund som lagar gode og innhaldsrike program. Innhaldet er lagt opp etter alder, med mykje spennande program og innhald som me tilpassar til våre lokale forhold. Her er litt å strekkje seg etter for alle.

Stifinnar

25 Stifinnarar (3.-4.klassingane) har møte annakvar torsdag frå 17.30 – 19.00.

I haust jobbar dei med merket som heiter HIMMEL – dei legg vekt på undring, bli kjent med kart og kompass, himmelen som hjelpemiddel og formidlar. Det rettar seg mot kristen tru, og den rolla trua har i organisasjonen. Dei skal også ta 2 aktivitetsmerker som hører til, desse merkene heiter Orientering og Kyrkje. For stifinnarane er høgdepunktet ofte Blikshavnleiren i mai/juni.

Vandrar

35 aktive Vandrarar møtes kvar torsdag 19.00 – 20.30. (5.-10.kl)

Frå starten i haust har me hatt ei «aspirantpatrulje» (5.kl). som har gått gjennom aspirantgrada, som består av ein del organisasjonsteori, bruk av kniv, sag og øks, kunne naudnummer, rett påkledning i ulike typar vær, særleg vinter og ulike knutar. «Aspirantkampen» vart ein slags avsluttande eksamen for desse. Dei var kjempeflinke og det viste seg dei hadde følgd godt med på møta. No skal dei snart inn i patruljane saman med dei andre vandrarane.

Troppsmøta er leia av leiarane, då er alle samla. Det kan vera ulike typar aktivitetar, mat på bål, konkurransar, større 1.hjelp øving, øving på leirbygging og knutar, kanopadling, leikar, tur, eller andre instruksjonar. Dei fleste møta er patruljemøter. I haust har me 2 gutapatruljer og 2 jentepatruljer, då er det patruljeførar og assistenten som leiar møta. Dei har vore på eigne møter og laga plan for møta. Her er innhaldet på møta varierande. Fleire jobbar med bronse – og sølvgrad, nokon tek merker. Aktiviteten er stor.

I haust skal heile gruppa saman vera med på Globalaksjon, der me samlar inn pengar til KFUK-KFUM Global sin solidaritetsaksjon på Sri Lanka. Dei fekk inn kr 26.547 på Globalaksjonen 5.okt. Ny rekord for Skjold! Me skal ha speidaropptak i

Likvik, og delta i Gudsteneste. Det blir også troppstur.

Det store høgdepunktet for vandrarane kjem til sommaren, då er det nemleg ei veke landsleir «Futura» i Stjørdal. Ein leir med kanskje 6-7000 deltakarar. Til denne leiren reiser også speidarar får Vikebygd og Vats. Fram mot denne leiren vil me jobbe målretta, slik at ein best skal vera rusta til å klare seg ei veke utan rennande vatn, straum, utan at mamma lagar middag, utan dusj – me skal klare oss på primitivt vis i ein stor teltleir. Eit herleg liv!

For tida er me heldige og har godt med leiarar i speidargruppa, ei blanding av godt erfarte leiarar og mange unge flotte leiarar. I speidaren er dei med i leiargruppa frå dei startar på vidaregåande skule. Leiartrening og opplæring er viktig. Dei er med i planleggingsfasen, får ansvar og tek ansvar.

Det er sjølv sagt alltid plass til fleire ungar og vaksne. Det er aldri for seint å bli speidar.

Har du lyst? – ta deg ein tur innom ein torsdag då vel!

Speidaren viser seg godt i Skjold på Tvers, då har dei ansvar for sikkerheit i løypa, grilling og saft/fruktstasjon. I 17. maitoget stiller speidaren også opp.

Kyrkjetunet i Ølen har tilsett Barne- og ungdomsarbeidar

Av Hanne Haraldseide Brekke

Det skjer mykje på Kyrkjetunet i Ølen for tida, der dei har tilsett barne- og ungdomsarbeidar frå 1. september.

Annankvar fredag er det «Kids of Joy» frå 5 år og oppover, og «klubben» frå 5. til 7. klasse.

Kvar torsdag ettermiddag har dei «internasjonalt treff». Her samlast norske og utanlandske familiar for å bli betre kjende med kvarandre over ein kopp kaffi. Tre gonger i halvåret har dei også ei familiesamling kalla «Show it». Dette er ei samling for alle aldrar der dei syng, har andakt og sosialt samvær med kake, saft og kaffi etterpå.

Det ligg mykje arbeid bak å få til «Show it». Det er Gunhild Marie Osaland, Lillian Eikeland, Siv Heidi Eidsheim og Marianne Lunde som er i komiteen og planlegg det heile. Andakten er ei dramatisering som i hovudsak vert skrive av Gunhild Marie. Temaet for dette året er «mitt møte med Jesus». I kvar samling så dramatiserer dei ei fortelling frå bibelen der nokon møtte Jesus. Ein programleiar får også samtale med denne personen som har møtt Jesus. Dette gjev moglegheit for å stille spørsmål til den som møtte Jesus, og dette er med på å gjera det litt meir levande og spanande for ungane. I tillegg har dei eit «dagens eksperiment» der dei viser med praktiske øvingar kva Jesus har sagt.



Dei avsluttar alltid dramatiseringa i «takknemlighetshyttå» som dei har laga til framme på scena. Der set dei seg ned og ber ei takkebøn.

Ny barne- og ungdomsarbeidar

Styret ynskjer å satsa meir på unge barnefamiliar på kyrkjetunet, og har tilsett Lill Inger Velde som barne- og ungdomsarbeidar i 40% stilling frå 1. september. Ho skal vera med på øvingane til Kids of Joy og klubben på fredagane. På klubben har dei bibelquiz, aktivitetar, andakt og kiosk. Klubben er ein del av trusopplæringstilbodet til kyrkja i Ølen. På sikt kjem Lill Inger også til å bidra på «Show it».

Lill Inger har eit godt glimt i auga, og latteren sit laust. Ho gler seg til å ta fatt på den nye jobben og trur det blir kjempekjekt. Ingen veker



Lill Inger Velde

blir heilt like. Ho kan styra dagane sine litt sjølv, og det er opp til henne å koma opp med nye idear og sjå kva som er behovet til ei kvar tid. Ho ser for seg at det blir eit naturleg samarbeid med dei som driv trusopplæringstilbodet til kyrkja i Ølen, då ein del av dette arbeidet føregår på kyrkjetunet.



Speidaren:



Fiskemerke våren 2017 v/Edvind Svendsen.



Vandrartroppen i kyrkjekjellaren.

Konfirmantjubileum 2017 Ølen kyrkje

Av Leiv K. Medhaug

Søndag 24.09.17 var det markering av 50 og 60-årskonfirmantane i Ølen kyrkje. 06.10.1957 vart 20 Ølensbuar konfirmerte av sokneprest Sigvald Våge. Av desse var Magnus Berge, Trygve Heggebø, Inge Jarle Vormestrand og Malena Hustveit Gravelsæter tilstade 24.09.

50-årskonfirmantane -34 i alt- vart konfirmerte av sokneprest Ole Meling 30.04.1967. 15 av desse var med under gudstenesta. Etter gudstenesta var alle jubilantane samla til middag på Ølen gjestegard saman med sokneprest Kari Vik Stuhaug og ein fra soknerådet.



60-årskonfirmantar. Frå venstre: Magnus Berge, Trygve Heggebø, Inge Jarle Vormestrand, Malena Hustveit Gravelsæter.



50-årskonfirmantar. 1. rekke fra venstre: Johanna Opheim Evensen, Solfrid Lunde Knutsen, Lilly Berge Osaland, Ranveig Irene Klungland Andersen, Sissel Roa Hobberstad. 2. rekke fra venstre: Ragnar Byre, Magnar Heggebø, Einar Torgimsen, Johannes Eikeland, Torgny Torgeir Skålnes, Ingolf Berge, Leif Sigurd Lunde, Bjørn Torfinn Vaka, Ole Karsten Andersen, Ole Jan Klungland.

Glimt frå Brandøy

Av Annbjørg Naterstad Våge

Hausten er komne med mykje spennande aktivitet på Brandøy.

I siste del av sommarferien byrja leirsesongen på Brandøy med Active Ten, ein ungdomsleir som Indremisjonssamskipnaden (IMS) arrangerer for 8. kl. og oppover. Årets Active Ten hadde 70 (!) deltakarar! Det er flott at ein så stor ungdomsgjeng kan bruk siste del av ferien på Brandøy. Her har dei mange kjekke aktivitetar og har mykje godt fellesskap. Men det viktigaste er at dei gjennom mange samlingar får læra meir om Jesus og om Bibelen.

Brandøydagen 20. august, var om lag 250 personar samla. Denne flo-



ken trassa plaskande regnver og fann vegn til Brandøy søndagen. Mange er kjente fjes og kjem att på Brandøy-dagen i august år etter år, og ein del er nye fjes. Flott med begge delar! Vi var samla til stormøte på føremiddagen og familietreff på ettermiddagen.

På Brandøydagen tok vi i bruk det rykande ferske hoppeslottet til Brandøy. Dette var nok høgdepunktet i helga for ein del av dei yngre. Her vart det i alle fall hoppa langt og lenge! Nye boblefotballar har også komme til Brandøy, og dei var også kjekke. Desse ballane er så store at

ein kan tre dei på seg, og bli som ei stor kule med bein. Tungt er det, men kjempegøy!

Vidare utover hausten har det vore arrangement nærmast kvar helg, samt nokre vekedagar. Her har vore kvinnehelg, ulike forsamlingshelger, leirkule og misjonsstemne. Brandøy er ein allsidig og flott plass som kan brukast til mykje!

I november og desember skal IMS ha fire leiarar på Brandøy. Ungdommar frå 10. kl. og oppover kan reisa på Hausttreff 10.-12. november. Vidare vert det Miniadventshelg for 2.-

Nyebispen debuterer

Av Jon Ådnøy

Biskop Ivar Braut kjem på visitas i Vikebygd, Skjold og Vats midt i november. Sokneråd og kyrkjeleg tilsette har planlagt dette godt.

Revybrørne Svein og Øyvind Håkull, assistert av årets konfirmandar frå Vats, Vikebygd og Skjold, skal fortelja biskopen korleis det var å veksa opp i bygder med kyrkje og bedehus dei siste tiåra. Det skjer på den opne Byggdakvelden i Skjold kyrkje torsdag 16. november kl. 19, som er ein del av programmet for bispevisitasen i Vikebygd, Skjold og Vats. Ivar Braut tok til som biskop i Stavanger bispedøme i mars 2017, men dette blir første gongen han er biskop på visitas. Det skjer frå 14. til 19.november.

Biskop tyder tilsynsmann. Visitasen skal avdekkja korleis det står til i kyrkjelydane, støtta, rettleia og inspirera, og styrkja fellesskapet. Biskopen skal ha møte med tilsette og sokneråd, kyrkjeleg fellesråd og kommuneleiinga. Han skal også møta frivillige medarbeidrarar.

Omsorg og levebrød

På Vindafjordtunet i Vats skal tilsette



Biskop Ivar Braut

ved sjukeheimen og heimetenestene fortelja korleis dei utfører omsorg i praksis, i spenninga mellom høge mål og avgrensa ressursar. Samarbeid mellom offentlege tenester og neste-kjærleik utført av pårørande og frivillige grupperingar kan og bli tema.

Ved Tveit Regnskap skal biskopen få på bordet fakta om kva menneske i distriktet lever av, og korleis konjunkturane ser ut etter at oljealderen har passert sitt toppunkt.

Onsdag på tidleg ettermiddag inviterer biskopen dei som vil til ein liten times rusletur i Guds frie natur på Refsnes i Vats, med børn for bygdene som ein del av det heile.

Biskopen skal sjå om kyrkjene og kyrkjegardane i dei tre bygdene. Søndag 19. november kl. 11 blir det ei felles visitasgudsteneste for alle tre sokna i Skjold kyrkje, med kyrkjeaffi og biskopen si oppsummering av visitasen til slutt.

Prosten i Haugaland prosti Rune Steensnæs Engedal blir saman med biskopen under hele visitasen.



Arbeidsmøte 26. sept. 2017 i Skjold kyrkje for sokneråda i Vats, Vikebygd og Skjold, for å førebu bispevisitas. Frå midten framme og rundt bordet med sola: Britt Nelly Tveit, Kari Synnøve Velde Haugen, Jon Ådnøy, Linda Langeland, Aud Jorunn Tordal, prost Rune Steensnæs Engedal, Grete Sørhus, Lill Inger Velde, Elisabeth Stople Gregersen, Haldor Skare, Kirsti M. Hjelmeland, Gunnbjørg Nesbu.

5. kl. 24.-26. november. Helga 1.-3. desember er det Tenhelg for 8.-10. kl., og 8.-10. desember avsluttar vi seleverket med adventshelg for 5.-7. kl. Sjå nettsida til IMS for meir informasjon og påmelding! (indremisjonen.no)

Neste Damehelg vert 2.-4. februar 2018. Det nærmar seg jul, og leifar er perfekte julegåver til born, barneborn, fadderborn og alle andre born!

For å rusta Brandøy for framtida er det planlagt ein del løft dei komande åra. Slike investeringar er alltid spennande, og krev ein del planlegging. I første omgang står serveringsløysinga i matsalen for tur. Planen er å få gjort ein del her innan vårsemesteret tek til.

Til slutt vil vi gjerne komma med ei oppfordring: Kvar veke treng interna-



Brandøyhelga 2017

tet å verta vaska etter arrangement i helga. Vi skulle gjerne hatt med fleire dugnadsarbeidrarar på utvasken! Særleg vil tida vi går inn i med ein del oppgraderingar ta mykje av tida til oss som arbeider her fast. Det hadde vore flott om nokon i bygdene rundt

Brandøy kunne tenkt seg å komma ein måndag (eller ein anna dag) i ny og ne og hjelpa oss med vasking! Ta gjerne kontakt med oss om det kan passa deg (kontakt oss på post@brandoy.no). Velkommen til leir på Brandøy! (Sjå side 10)

Haustkonsert i Vats 21. oktober

Av Trygve Sandvik / Lill Inger Velde


I fleire år har styret for det nye bedhuset/soknehuset i Vats halde haustmarknad til inntekt for huset. I år vil styret prøva noko nytt, og det vert arrangert haustkonsert på Vindafjordhallen førstkomande laurdag kl. 19:00.

Artistane er lokale krefter med utgangspunkt frå Vats. Desse spelar og syng alt frå jazz og soul til pop og country. Følgjande artistar skal opptrer: Magne Skålnes, Carina Tysvær, trioen Lyng, Bente Kristin Eikanes, Jorunn Skjervheim/Åse Adolfsen, Byrkja-søstrene. Eit band som er sett saman for denne konserten skal vera med mest alle artistane når dei opptrer. Desse er: Einar Bakke, kapellmeister og pianist, Reinert Hystad (bass), Anders Eidhammer (gitar) og Geir Tore Sørhus (trommer).

Magne Skålnes bur på Knapphus. Han er ein trubadur som spelar gitar, munnspele og syng. Han opptrer på private arrangement så vel som på for eksempel Saloonen i Etne.

Carina Tysvær er frå Auklandshamn, men godt kjend i Vindafjord. Ho kan spela fleire instrument, men på konserten skal ho synga. Carina har sunge i Voice of joy, og er med i lovsonggruppa Kerysso.

Lyng er ein trio som heldt til i Stavanger. Dei spelar gitar, kontrabass, toradar og syng. Den eine av medlemene,



Rigmor Jönsson, er frå Vats.

Bente Kristin Eikanes bur også i Vats. Ho har gått fleire år på kulturskulen og lært både gitar, song og piano. På konserten skal ho synga.

Jorunn Skjervheim bur i Vats og lagar tekstar og melodiar sjølv. På konserten skal me få høyra nokre av låtane hennar. Ho har med seg ei venninne

frå Haugesund: Åse Adolfsen.

Byrkja-søstrene er: Randi, Ingfrid og Solrunn. Dei bur alle i Skjold og desse damene har mykje musikk i kroppen. Det skal vera gøy å høyra dei synga. Me ser fram til ein gild kveld.

Billettpisen er kr. 150. Barn under 12 år betalar kr.50. Velkommen til kvar og ein!

Gullkonfirmantar i Vats

Tekst og foto: Jon Olav Velde

Gullkonfirmantane hadde ei gild samling i Skarhaugløa hos Nore og Kari Gjellestad på laurdagskvelden. Der vart det servert god mat og drikk.

ke. Her gjekk praten livleg med drøs og mimring om dei "gode gamle dagar" m.m. Etter gudstenesta i kyrkja gjekk turen til Ølen Gjestegård til ein betre middag saman med ektefelle/følge. Det var ei gild og minnerik helg.

Gullkonfirmantar i Vats kyrkje søndag 10. sept. 2017. 1. rad frå v.: Ingeborg Haugland Vågen og Gerd Elisabeth Sørhus. 2. rad frå v.: Solfrid Bergesen Mandiuser, Eli Cesilie Vatne Østenstad, Nore Gjellestad, Astrid Haslemo Tyssebotn. 3. rad frå v.: Olav Tjeltveit, Sokneprest Jon Ådnøy, Tor-Jan Stokkedal, Magnor Vårvik, Magnus Jekteberg, Njål Flesjå, Johannes Meland.

Desse er døde: Guri Aaserød, Eivind Grindheim og Målfrid Bergesen. Desse var ikkje til stades: Margit Sørhus, Turid Sørhus, Ragnar Alvseike, Ole Johan Landa, Oddvar Torstveit, Ottar Grepstad



Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knaphus B I L



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster



Tlf. 53 76 88 35 • www.olenserter.no





Primærtjenesten Bjoa AS
Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted
TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

	Døde	Døypte
Bjoa	22.09. Abraham Helleland f.1939	01.10.17 Milian Vølstad Stople
Imsland	31.08. Lars Aksland f. 1938	
Ølen		10.09.17 Andrea Nilsen
		10.09.17 Vetle Vestbø Østenstad
Skjold		17.09. Sander Kleiveland Liestøl
		01.10. Liva Medhaug Hjelmeland
		01.10. Sunniva Wannberg
		01.10. Ronja Marie Aass
		01.10. Brage Hemnes Eikeland
Sandeid		01.10.17 Tørres Helgevold
Vats	08.09. Elisabet Karin Fatland f. 1928	24.09.17 Nora Sandvik
	08.09. Hallfrid Synnøve Haraldseid f. 1938	08.10.17 Stina Stokland Osmundsen
	13.09.17 Svanhild Serine Nordtveit f. 1941	08.10.17 Vebjørn Torstveit
Vikedal	20.09. Johannes P. Søyland f. 1924	
	23.09. Anton Holten f. 1995	

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

DATO	KYRKJE	KL.	TITTEL	INFO
22.10.2017 Joh 11,1-5	Ølen kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	4-åringar, Nattverd, Takkoffer: Misjonsprosjektet
	Vikebygd kyrkje	11:00	Høgmesse	Dåp, Nattverd, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
	Sandeid kyrkje	16:00	Familiegudsteneste	Utdeling av Mi kyrkjebok, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord
	Vats kyrkje	17:00	Høgmesse	Søndag for forfølgde, Dåp, Nattverd, Takkoffer: Åpne Dører
29.10.2017 Luk 13,22-30	Skjold kyrkje	11:00	Høgmesse	Nattverd, Takkoffer: Speidararbeidet i Skjold
	Bjoa kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	Utdeling av bibel til 11-åringar, Kyrkjekaffi, Dåp, Nattverd, Takkoffer: Misjonsprosjektet
	Imsland kyrkje	16:00	Gudstjeneste	Dåp, Takkoffer: Sambolabo
05.11.2017 Matt 5,1-12	Vats kyrkje	11:00	Høgmesse	Helgemesse. Me minnast dei som er døde siste året., Dåp, Takkoffer: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarbeid
	Vikedal kyrkje	11:00	Høgmesse	Helgemesse. Me minnast dei som er døde siste året., Nattverd, Takkoffer: Frelsesar-meen Haugesund
	Ølen kyrkje	11:00	Høgmesse	Helgemesse. Me minnast dei som er døde siste året., Dåp, Takkoffer: Kristen Idrettskontakt - KRIK
	Skjold kyrkje	17:00	Høgmesse	Nattverd, Takkoffer: Institutt for sjølesorg
12.11.2017 Mark 10,28-31	Sandeid kyrkje	11:00	Høgmesse	Dåp, Nattverd, Takkoffer: Diakoniarbeidet
19.11.2017 Matt 18,1-6.10-14	Imsland kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	Utdeling av Mi kyrkjebok. Konfirmantane møter, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
	Skjold kyrkje	11:00	Høgmesse	Visitasgudsteneste, Nattverd, Takkoffer: Misjonsprosjektet
	Ølen kyrkje	17:00	Høgmesse	Nattverd, Takkoffer: Blå Kors i Norge
26.11.2017 Matt 25,31-46	Vats kyrkje	11:00	Høgmesse	Speidarane deltek, Dåp, Takkoffer: Speidararbeidet i Vats
	Bjoa kyrkje	11:00	Høgmesse	Dåp, Nattverd, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord
	Vikedal kyrkje	16:00	Høgmesse	Dåp, Nattverd, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord
	Vikebygd kyrkje	17:00	Høgmesse	Dåp, Nattverd, Takkoffer: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarbeid
03.12.2017 Luk 4,16-22a	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	Lys vaken, Dåp, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
	Ølen kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	Lys Vaken. Utdeling av bibel til 5. klasse, Dåp, Nattverd, Takkoffer: Den Norske Israelsmisjon
	Vats kyrkje	17:00	Lysmesse	Takkoffer: Kirkens SOS i Norge
	Sandeid kyrkje	17:00	Lysmesse	Konfirmantane tek del, Takkoffer: Konfirmantarbeidet

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)

Innsamling av klede til Ukraina

Den årlege innsamlinga til Open Heart sitt hjelpearbeid i Ukraina blir i år slik:
Måndag 23. okt. Austerheimbygda bedehus kl. 16:00-20:00. Tysdag 24. okt. Øvre Vats bedehus kl. 13:00-20:00. Torsdag 26. okt. Vikebygd bedehus kl. 12:00-18:00

Open Heart har i mange år drive eit stort hjelpearbeid i Ukraina, særleg retta mot born og unge. Det er framleis behov for klede av alle slag og ein bed om 50 kr. pr. sekkr i transportstøtte.

Torsdag kveld, etter at semitraileren er fulllasta, blir det møte på Øvre Vats bedehus kl. 19:00. Der vil Halvard Hasseløy visa bilde og fortelja om hjelpearbeidet. Det blir også ei god matøkt og tid til samtale om tilhøva i Ukraina.

Kyrkjeturnet Ølen

Torsdagstreff hausten 2017 kl. 11-13
7. September; 5.oktober; 2.november;
7.desember. Pris kr. 60 Ansvarleg Diakoniat / soknerådet Ølen Sokn

Pensjonist møte i Vindafjordhallen

31.okt. frå kl. 17:00 -19:30. Kåsør Torgeir Øverland. Julemøte blir i slutten av november. Middag, dessert, kaffi. Alle Velkommen.

Vats søndagsskule

Søndagsskule på Vindafjordtunet (sjukeheimen) søndag 29. oktober kl. 1:00: Barnekoret Kids of Joy skal vera med, og dei som bur på Vindafjordtunet er spesielt velkomne. Me håpar på godt frammøte av store og små, og ei triveleg stund.
Laurdag 2. desember arrangerer Søndagsskulen/bedehuset juleverkstad på Øvre Vats bedehus kl. 12:00 – 14:00 Det blir servert graut og saft, kaffi og småkaker. Me skal laga julepynt som alle får med seg heim. Elisabet Fauskanger skal ha an dakt, og også her blir 'Kids of Joy' med. 20 kr. pr. deltakar.

Misjonsmessa Skjold / Vats på Isvik Bedehus

Fredag 17.nov. kl. 19:00: Festkveld, tale v/ Martin Ivar Arnesen. Song av aksjonskoret frå Aksdal. Laurdag 18.nov. kl. 11:30: Familiemøte v/ Jens Tveit. Song av Skjold barnekor. Sal av nysteikte potetkaker, bakavarer, handarbeid m.m. Kafé, med sag av graut, kaffi og kaker. Åresal og loddssal. Velkommen til messa frå nær og fjern.

Ersland Bedehus

Basardag for bedehuset laurdag 28.okt. kl. 12:00. Sal av graut, kaffi og kaker. Andakt v/ Gunnbjørg Nesbu. Loddssal og åresal. Alle hjarteleg velkomne.

"60+ treff" i Skjold kyrkje til hausten:

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønsker velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen: **Torsdag den 26.okt:** Silje Holden Birkeland: Leseglede. **Torsdag den 30.nov:** Uformelt sosialt samvær Prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar. VELKOMMEN!!

Basar / Julemesse i Vikedal

11. nov. frå kl.14:00 – 17:00 på Vikedal Bedehus. ANDAKT/misjon: v/ Roar Vik Musikk og song av Ruth og Øystein Haga, Jelsa. Loddssal, åresal, matsal - og hygge ein laurdags ettermiddag. Sal av handarbeid frå Madagaskar og lokalt produsert i utval. ALLE er hjarteleg velkommen!
Arr.: NMS Misjonsgruppe Vikedal

Brandøy misjons- og konferansesenter

Påmelding til leirar på: www.indremisjonen.no

Hausttreff 10.-12. november

10. klasse og oppover

Miniadventshelg 24.-26. november

For 2.-4. klasse

Ten-helg: 1.-3. des., for 8.-10. klasse

Adventshelg 8.-10. des., for 5.-7. klasse

Damehelg: 2.-4. februar

Brandøytreff: 23.-25. februar

MØTE OG ARRANGEMENT

Sandeid bedehus

23.10. mandag	19:30	Fellessamling (møte)
30.10. mandag	19:00	Bønnemøte
02.11. torsdag	19:00	Sangkveld
06.11. mandag	19:00	Bønnemøte
7. eller 8.11.	17:30	BASAR (sjå plakat)
09.11. torsdag	20:00	KONSERT. Eileen og Jonas Bergem
13.11. mandag	19:00	Bønnemøte
20.11. mandag	19:30	Fellessamling (møte)
27.11. mandag	19:00	Bønnemøte
04.12. mandag	19:00	Bønnemøte
07.12. torsdag	19:00	Sangkveld

KRIK Sandeid - kl. 20:00 - 22:00

Vi har KRIK Sandeid for undommar i heile

Vindafjord kommune (7-10 klasse)

21.10. lørdag	20:00	Gymsalen, Sandeid Skule
04.11. lørdag	20:00	Gymsalen, Sandeid Skule
18.11. lørdag	20:00	Gymsalen, Sandeid Skule
02.12. lørdag	20:00	Gýmsalen, Sandeid Skule
16.12. lørdag	20:00	Gymsalen, Sandeid Skule

Kontaktperson: Elisabet Mattingdal, tlf 971 39 634

Bedehusa i Vats

24.10. tysdag	13-20	Øvre Vats, Innsaml. til Open Heart
25.10. onsdag	19:30	Øvre Vats Flymisjonen
26.10. torsdag	19:00	Øvre Vats, Møte med Open Heart
01.11. onsdag	19:30	Blikrabygda NMS
02.11. torsdag	20:00	Øvre Vats. Påfyll
08.11. onsdag	19:30	Kårhus Normisjon
15.11. onsdag	19:30	Øvre Vats Indre Sjø
22.11. onsdag	19:30	Blikrabygda Israelsmøte
29.11. onsdag	19:30	Kårhus Indre Sjø
02.12. laurdag	12-14	Øvre Vats. Juleverkstad, Søndagsskulen/bedehuset
06.12. onsdag	19:00	Kyrkja Adventsprogram

Påfyll

2.11. torsdag 20:00 Øvre Vats bedehus. Bønnesamling 19:30

Bedehusa i Skjold

19.10. torsdag	Ersland: Bønemøte
23.10. mandag	16:00 Austrheim. Innsamling Ukraina
23.10. mandag	19:00 Ersland. Yngres
23.10. mandag	Austrheim. Basar Israelsmisjonen
28.10. laurdag	12:00 Ersland. Bedehusbasar
31.10. tysdag	Isvik Indre Sjømannsmisjon
02.11. torsdag	Ersland. Bønemøte
06.11. mandag	19:00 Ersland. Yngres
07.11. tysdag	Ersland. Kr. Muslimmisjon
14.11. tysdag	Austrheim. NMS Misjonsselskapet
16.11. torsdag	Ersland. Bønemøte
17.11. fredag	Isvik. Misjonsmessa - Fest
18.11. laurdag	Isvik. Misjonsmessa
20.11. mandag	19:00 Ersland. Yngres
21.11. tysdag	Isvik. NLM Misjonssamband
28.11. tysdag	Ersland. NMS Misjonsselskapet
30.11. torsdag	Ersland. Bønemøte
01.12. fredag	18:30 Austrheim. Grautfest
04.12. mandag	19:00 Ersland. Yngres
10.12. sundag	10:00 Ersland. S.skulefrukost

FamilieKRIK Skjold

5.11. sundag	16:30-18:00	Skjold Arena
3.12. sundag	16:00	BadeKRIK i Vindafjordhallen

Vikebygd bedehus

26.10. torsdag	18:20	Samkjøring frå Vikebygd bedehus til Open Heart møtet i Øvre Vats 19:00
27.10. fredag	16:00	Venneklubben for born.
9.11. torsdag	19:30	Gladsong
10.11. fredag	16:00	Venneklubben for born.
23.11. torsdag	19:00	Filmkveld
24.11. fredag	16:00	Venneklubben for born.
7.12. torsdag	11:00	Adventsmøte m/lett formiddagsmat. Georg Kallevåg.

Vats - Vindafjordhallen

21.10. laurdag	19:00	Konsert, sjå side 8
----------------	-------	---------------------

Innbjoa bedehus

22.10. søndag	11:00	Møte m/Leif J. Johannesen på Helsehuset. Middag og kaffi. Ansvarlig: Bjoa Misjonsmenighet
25.10. onsdag	10:00	Bønnemøte
27.10. fredag		Credo på Bjoa skule
29.10. søndag		Møte på båten Elieser v/Utbjoa fergekai
30.10. mandag		Møte på båten Elieser v/Utbjoa fergekai
01.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
01.11. onsdag	16:30-17:30	Barnekor
01.11. onsdag	17:30	Mini-Credo
03.11. fredag	19:00	Møte «På tvers»
05.11. søndag	17:00	Familiemøte. Ansv.: Bjoa Misjonsmenighet
08.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
09.11. torsdag	10:30	Formiddagstreff
10.11. fredag		Sri-Lanka basar på Helsehuset
15.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
15.11. onsdag	16:30-17:30	Barnekor
15.11. onsdag	17:30	Mini-Credo
15.11. onsdag	19:30	Møte
22.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
24.11. fredag		Credo på Bjoa skule
25.11. lørdag		Godt voksen fest
29.11. onsdag	10:00	Bønnemøte
29.11. onsdag	16:30-17:30	Barnekor
29.11. onsdag	17:30	Mini-Credo
29.11. onsdag	19:30	Møte
01.12. fredag		Møte «På tvers»
03.12. søndag		Adventsmøte
06.12. onsdag	10:00	Bønnemøte
06.12. onsdag	16:30-17:30	Barnekor
06.12. onsdag	17:30	Mini-Credo
06.12. onsdag	19:30	Bønnemøte

Vågen bedehus

22.10. søndag	19:30	Søndagsmøte, Israelsmisjonen Talar: Paul Odland
23.10. mandag	20:00	Laget Gneisten, NKSS
24.10. tirsdag	19:30	Møte, NLM Talar: Egil Skutlaberg
25.10. onsdag	19:30	Møte, NLM Talar: Egil Skutlaberg
26.10. torsdag	19:30	Møte, NLM Talar: Egil Skutlaberg
27.10. fredag	19:30	Møte, NLM Talar: Egil Skutlaberg
28.10. lørdag	18:00	Generasjonssamling. NLM Talar: Egil Skutlaberg
29.10. søndag	11:00	Søndagsskule
29.10. søndag	19:30	Søndagsmøte, NLM Talar: Egil Skutlaberg
31.10. tirsdag	18:00	Yngres
1.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
4.11. lørdag	20:00	Loftet
5.11. søndag	13:00	Søndagsaktiviteten
6.11. mandag	20:00	Laget Gneisten, NKSS
8.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
12.11. søndag	11:00	Søndagsskule
12.11. søndag	19:30	Søndagsmøte, "Herreavdelingen" KVH-info og kollekt. Talar: Geirmund Monsen
14.11. tirsdag	18:00	Yngres
15.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
18.11. lørdag	20:00	Loftet
19.11. søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM Talar: Georg Mork
20.11. mandag	20:00	Laget Gneisten, NKSS
22.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
25.11. lørdag	11:00	Julemess
26.11. søndag	11:00	Søndagsskule
28.11. tirsdag	18:00	Yngres
29.11. onsdag	19:30	Bønnemøte
2.12. lørdag	11:00	Bokmesse, IMS
2.12. lørdag	20:00	Loftet
3.12. søndag	11:00	Søndagsmøte, "Tirsdagsklubben"
4.12. mandag	20:00	Laget Gneisten, NKSS
6.12. onsdag	19:30	Bønnemøte
10.12. søndag	11:00	Søndagsskule

Kyrkjetonet i Ølen

2.11. torsdag	11:00-13:00	Torsdagstreff.
7.12. torsdag	11:00-13:00	Torsdagstreff.

Sjå andre kunngjeringar om møter på:
www.kyrkjetonet.no



Barnekoret spreier glede!

Flott familiegudsteneste i Skjold

Av Hanne Haraldseid Brekke
Foto: Emilie Victoria Brekke.

Det var ei fullsett og fint pynta kyrkje i Skjold 1. oktober under hausttakkefesten. Med fire dåpar, utdeling av kyrkjebok til fireåringane og song av barnekoret vart det ein fest-

dag. Tre damer frå eit av dåpsfylgia bidrog også med ei flott framføring av "Den fyrste song eg høyra fekk". Borna fekk koma fram og opne den store skattekista som inneheldt eit hjarte, ein stein og ei kokosnøtt. Hjartet var Guds store hjarte, og kokosnøtta var eit bilet på noko som

kunne vekse og gje liv, i motsetnad til steinen. Trusopplærar Lillian E. Sørstabø Johanssen fekk full merksemd då ho fekk ungane med opp for å sjå i skattekista. Dei festpynta borna såg også ut til å vera nøgde med dei nye bøkene dei fekk.



Både presten og ungane var spente på kva som var i skattekista.



Stolte 4-åringar har fått bok.

Frå dei gamle til dei nye

50-årskonfirmantane i Skjold var i lag ei helg i september. Søndagen blei både konfirmantane frå 1967 og årets konfirmantar presenterte i gudstenesta. Dei «gamle» takka for seg ved å senda eit firesifra beløp til dei «unge»!

Ungdomsklubben i Vikedal

For 5.- 7. kl., torsdagar kl. 18-20
19. okt. Ord for kvelden: Anne M. Reimers
2. nov. Ord for kvelden: Lillian Eikeland.
16. nov. Ord for kvelden: Bjarne Hjelvik
For 8.- 10. kl., fredagar kl. 19-23
20. okt. Ord for kvelden: Harald Eintveit.
3. nov. Ord for kvelden: Harald Eintveit.
17. nov. Ord for kvelden: Bjarne Hjelvik.
1. des. Ord for kvelden: Harald Eintveit

Venneklubben i Vikebygd

Venneklubben er ein klubb for born der alle er venner og saman om å synga, eta, lytta, leika, leita, dansa og forme noko. Lene, Lina og Kjersti inviterer alle born til å vera med i vennekubben annankvar fredag frå kl. 16:00 - 17:30. Datoar: 27.10., 10.11. og avslutning den 24.11.

Åndaktstelen
380 91 700
 Åpent hele døgnet! Tjenesten er gratis
 Ny andakt tirsdag og fredag

**Korleis har du det...
 EIGENTLEG?**
 Eit menneske å snakke med når livet er som verst
 SOS-Chat: www.soschat.no
 SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 7. desember.
 Frist for levering av stoff er 11. november.